



Norske
Landbrukstenester

Avtalepartar

Innspel jordbruksforhandlingar 2011

--

Ferie/fritid

- **Ekstra utbetaling av tilskott ferie/fritid**
Det bør innførast ei ekstra dokumentert utbetaling i februar, med søknad i august.
- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**
For å ta att tap i kostnadsutvikling bør tilskott ferie/fritid aukast til kr. 75.000,-.

Sjukdom

- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**
For å ta att tap i kostnadsutviklinga bør tilskott pr. dag under sjukdom aukast til kr. 1.600,-
- **Forskrifta må tilpassast folketrygda**
Regelverk under sjukdom følgjer ikkje endringar i folketrygda og må tilpassast dette.
- **Krav til næringsinntekt for nyetablerte**
Nyetablerte må sleppe krav til næringsinntekt for å få tilskott under sjukdom. Sjølv om det er rom til å gje dispensasjon så er dette eit usikkert moment.
- **Avkorting mot andre lønsinntekter**
For å få likehandsaming bør samordning av tilskott med lønsinntekt utanfor garden takast vekk.

Landbruksvikarordninga

- **Tilskott til administrasjon**
Kurs/opplæring av landbruksvikar bør ikkje vera ein del av administrasjonskostnadane.
- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**
Tilskott pr. årsverk har stått i ro siste året, medan eigenbetaling har stege i takt med dagsats under sjukdom. Dette medføre ei dyrare ordning for gardsbruk som ikkje har full dagsats.
- **Fordeling av overskott/underskott**
Det må vera råd å sjå på overskott/underskott over fleire år, og ikkje som i dag der overskott vert trekt inn og underskott skal dekkast av avløyarlaga.
- **Fordeling av unytta årsverk**
Om erfaring syner at årsverk ikkje vert nytta bør dette kunne omfordelast innan fylket.

Tidleg pensjon

- **Inntekt utanom næringsinntekt frå bruket**
For å ta ut tidlegpensjon må minimum næringsinntekt frå gardsdrifta ha vert 67%. I dag er det usikkert om inntekt frå pensjonsordningar vert rekna inn i dette grunnlaget. Dette må avklarast. Inntekt frå andre pensjonsordningar er ikkje inntekt frå arbeid, men tidlegare opparbeida rettar, og bør ikkje reknast som del av inntekt utanom gardsdrifta.

Sjå vedlegg for meir utfyllande informasjon!

Ferie/fritid

- **Ekstra utbetaling av tilskott ferie/fritid**

Det er frå forhandlingane i fjor sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på sjansen for å få til ei ekstra utbetaling av tilskott ferie/fritid. Eit av alternativa til arbeidsgruppa er ein ekstra dokumentert søknad ved søknadsomgang i august med utbetaling i februar. Vi meiner at avtalepartane må gå for denne løysinga.

Å innføra ei ekstra dokumentert utbetaling løyse mange problem;

- Unge bønder som startar opp slepp å forskuttere i 18 månader ved oppstart
- Betre likviditet i ordninga fører til meir ferie/fritid for den einskilde
- Avlastning ved ferie/fritid vil føre til mindre sjukdom og færre ulykker
- Meir stabil sysselsetting av arbeidskraft, dvs. betre tilgong på kvalifisert arbeidskraft
- Betre beredskap ved sjukdom

For yngre bønder er gode og stabile velferdsordningar ein viktig faktor for at dei vel å gå inn i næringa. Mangel på ferie og fritid er ein faktor som gjer at mange vel å slutta.

- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**

Tal på dagar/timar ferie og fritid ein bonde får for tilskotet er kraftig redusert då utviklinga på tilskot ikkje følgjer kostnadsutviklinga. Sjølv om løna til avløyserane er låg i forhold til mange andre yrkesgrupper er timeprisen bonden må betale for kvalifisert arbeidskraft i 2010 kr. 207,40¹ inklusiv sosiale utgifter, forsikringar og administrasjon. Ein bonde med maks tilskot på kr. 64.000,- vil då kunne få ferie- og fritidsavløysing i ca. 308,5 timar eller ca. 41 dagar. I 1999 kosta arbeidskrafta 137,70² i timen, og maks tilskot var kr. 48.000,-. Same bonden fekk då ca. 348,5 timar eller ca. 46 dagar ferie- og fritidsavløysing for tilskotet.

For å ta att tap i kostnadsutviklinga bør tilskott ferie/fritid aukast til kr. 75.000,-.

Sjukdom

- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**

Når det gjeld avløyning under sjukdom er den reelle kostnaden i 2010 kr. 1.556,00³ pr. dag, medan tilskotet frå 1.1.2011 er kr. 1.250,- pr. dag. Dette medføre ein eigendel pr. dag på kr. 306,00. Ved langvarig sjukdom medføre dette ei stor økonomisk belastning i tillegg til sjukdomen. I verste fall, økonomisk ruin.

For å ta att kostnadsutviklinga må tilskott pr. dag under sjukdom aukast til kr. 1.600,-

- **Forskrifta må tilpassast folketrygda**

Spesielt har regelverket ved svangerskap sakka akterut i forhold til endringar som er gjort i Folketrygda. Tidskonto og forskyving/gradering av permisjon er ikkje tatt inn i forskrift. I tillegg er det på nokre andre områder og behov for tilpassing.

- **Krav til næringsinntekt for nyetablerte**

Nyetablerte må sleppe krav til næringsinntekt for å få tilskott under sjukdom. Erfaring viser at dei fleste får dispensasjon og då kan ein like gjerne regulere dette i forskrift. I dag medføre dette eit ekstra usikkert moment i tillegg til sjukdomen.

¹ Minsteløn pr. time kr. 151,74. Sosiale kostnader, forsikring med mer 36,7 %

² Løn pr. time kr. 103,05. Sosiale kostnader, forsikring med mer 33,6 %

³ Kr. 207,40 pr. time x 7,5 timer

Bønder som har vært sambuare før dei vert gifte får ikkje dispensasjon frå kravet om næringsinntekt for nye brukare. I andre samanhengar vert det operert med at ein må ha vært sambuare i minst to år før reglar gjeld. Det bør gjelde her og, særleg sidan sambuare ikkje kan dela næringsinntekt i enkeltpersonføretak.

- **Avkorting mot andre lønsinntekter**

Om ein gardbrukar har arbeid ved sidan av gardsbruket og vert sjuk, samordnast tilskottet med sjukepengane brukaren får frå NAV eller privat arbeidsgjevar for arbeidet utanom garden. Sjølv om dette er inntekt som er relatert til arbeid utanom garden føre dei til trekk i tilskottet. Stram likviditet er ei viktig årsak til at mange bønder må arbeida utanfor garden. Desse bør ha dei same rettar som dei som arbeidar heiltid på garden.

For å få likehandsaming bør samordning av tilskott med lønsinntekt utanfor garden takast vekk.

Landbruksvikarordninga

For vidare utvikling av ordninga så er det viktig å sjå på følgjande;

- Tilskottet må følgje kostnadsutviklinga
- Opplæring av landbruksvikar er kostbart og bør ikkje belasta administrasjonstilskottet som i dag
- Det går med mykje arbeid til administrering av ordninga
- Slik det er i dag så er det laget som må dekkje eit underskot, medan staten tar tilskottet i retur ved eit overskot. Resultatet må kunne sjåast på over fleire år.
- Tre dagars eigenmelding ved bruk av landbruksvikar må gjeninnførast.

Med helsing
Norske Landbrukstenester



Frode Alfarnes
Dagleg leiar